



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 15, 27. april 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Bedriftsidrettslaget: Sykle-til-jobben- kampanje startar i mai

Høgskulen i Voldas nystarta bedriftsidrettslag vil ha med tilsette på årets "Sykle-til-jobben-kampanje". Dette er ein nasjonal kampanje som går i tida 3. mai til 16. juni. Dei som blir med på kampanjen kan også vinne premiar - og få skryt.

[Les meir om kampanjen på dei nasjonale nettsidene.](#)

LES MEIR



Klart for Stikk-UT!- sesongen!

Arbeidsmiljøutvalet inviterer alle tilsette til å delta i Stikk UT! Bedrift 2023, når sesongen startar 1. mai. Og AMU lovar at det blir trekt premiar i løpet av turperioden. Det er 521 turmål i Møre og Romsdal, og turmåla finn du i Stikk UT!-appen og på denne [nettsida](#). I 2022-sesongen var det Elvadalen til Årneset som var [det mest brukte Stikk UT-målet i Volda](#). Og i Ørsta var det [turen til Fonnvernet](#).

LES MEIR

Sparebanke Møre gir 5 millionar til Norsk innovasjonssenter



Sparebanken Møre gir 5 millionar kroner i gåve til [Norsk Innovasjonssenter AS](#). Pengane skal brukast til "Handlingsrommet", som skal bli eit fleirbruksrom i senteret, og til utvikling av Norsk innovasjonssenter. Norsk Innovasjonssenter skal bli ein arena for samhandling, kunnskapsutveksling og tverrfagleg innovasjon og skal få husrom i det [planlagde Aasenkvartalet som kjem der Ivar Aasenhuset ligg i dag](#).

Sparebanken Møre og Volda kommune i også i dialog om å etablere eit "Newton-rom" i tilknytning til senteret. – Etablering av innovasjonssenter på høgskuleområdet vil kunne bli eit vendepunkt i samarbeidet mellom academia og næringsliv, og eit kraftsenter for innovasjon i regionen. Det seier Trond Lars Nydal, administrerende direktør i Sparebanken Møre.

Studium og studentliv

Program for studiestart hausten 2023

Studiestart for studieåret 2023-2024 vert tysdag 15. august 2023. Som i fjor blir opninga klokka 11.00, slik at fagmiljøa kan ha sine startarrangement klokka 12.30 kan halde på fram til 15.00 om dei vil.

Seinast kl 15.00 vil Fadderane at over studentane igjen. Her må kvar enkelt studieprogramansvarleg avtale med fadrane om når fadrane skal kome og hente studentane igjen.

Grovprogrammet for tysdagen ser slik ut:

10.00/10.30-11.00: Konsert/oppvarmingsband bak Berte Kanutte-huset

11.00-11.45: Offisiell opning med helsingar og musikk, bak Berte Kanutte-huset

11.45-12.15: Fadderveka: Fadrane samlar sine studentar, bak Berte Kanutte-huset og deler opp i grupper, guidar nye studentar vidare til sine oppstartar.

12.30: Studieprogram/avdelingsvise orienteringsmøte – fadrane har teke med studentane til studieprogramoppstartane. Studieprogramansvarleg må sjølv bestille rom til dette.

Seinast 15.00: Fadderveka tek over studentane igjen. Her må kvar enkelt studieprogramansvarleg avtale med fadrane om når fadrane skal kome og hente studentane igjen.



Søringen og samem - Rokken 8. mai

Mannen bak TV 2-serien «Søringen og Samen», Anders Kråkevik, held opa forelesing på Rokken 8. mai kl 19.30. Kråkevik vil vise eit par episoder frå serien og deretter blir det ein samtale om serien og prosessen, leia av en student frå Avdeling for mediefag. Arrangementet er gratis og blir [arrangert av POE-prosjektet \(Praksis, oppdrag, entreprenørskap\)](#).

Kva skjer i Volda og Ørsta? Sjekk ut nettsida orstavolda.no

På nettsida orstavolda.no er det ein veldig brei og oppdatert [kalender med oversyn over arrangement i Volda og Ørsta innanfor kultur- og idrett](#). Ørsta Næringskontor er [ansvarleg for nettsida](#) som også tek i mot tips og informasjon om arrangement.

Menyen i kantina neste veke

Tysdag: Fish and chips med remulade
Onsdag: Pasta alfredo med skinke og brød
Torsdag: Ball med tilbehør
Fredag: Tacobuffet

Styre og stell

Høgskulestyret: 17 kandidatar frå tilsette - val 8.-15.mai

Tilsette ved Høgskulen i Volda skal velje tre faglege representantar og ein representant frå det teknisk/administrative personalet, og like mange vara. [Valet skjer 8. til 15. mai](#). Det er heile 17 kandidatar som er nominerte. Frå teknisk/administrativt personale er det nominert fire kvinner og ein mann. Frå dei fagleg tilsette er det nominert åtte menn og fire kvinner. Alle dei fire avdelingane er representerte blant dei fagleg nominerte. Valet vert gjennomført gjennom Nettskjema, og for faglege er det høve til å stemmet på tre personar. [I samsvar med valreglementet](#) vert stemmene vekta: «Første stemme skal vektast med 1, andre stemme med 0,8, tredje stemme med 0,6.» [Her er alle dei nominerte](#).

Høgskulestyret: Styreseminar og styremøte 3.-4. mai

Høgskulestyret har styremøte og styreseminar på Hotell Union Øye 3. og 4. mai. På det årlege styreseminaret deltek som vanleg representantar også frå Studenttinget, dei tilsettes organsisasjonar og samskipnaden og seminaret tel ca. 40 deltakarar. På dagsorden i styremøtet står blant anna kvalitetsrapport, delegeringsreglement og instruks for rektor og direktør. [Styresakene vert gjort tilgjengelege på den vanlege nettsida så snart dei er klare](#).

Boringa ved Hans Strøm-huset: Fare for søl - avsperringa er utvida

Under arbeidet med å bore energibrønnar ved Hans Strøm-huset har det vore meir søling enn rekna med, og det avsperra området har vorte utvida.

Felles sommaravslutning i kantina fredag 23. juni kl 12.00

Alle tilsette på HVO er inviterte til felles sommaravslutning i kantina fredag 23. juni kl 12.00. Det er også ei rekke andre markeringar av års- og semesterslutt på Høgskulen i Volda. Avdelingane har sine sommaravslutningar på desse datoane: AHL 14. juni, AKF 14. juni, ASH 16. juni, AMF 22. juni.

Dekan AKF: Hagen sluttar - Bergem konstituert

Unni Hagen har bede om å få fråtre som dekan ved Avdeling for kulturfag. Det er innvilga, og ASH-dekan Randi Bergem er konstituert som dekan på AKF fram til ny dekan er på plass 1. august. Bergem skal altså vere dekan for både ASH og AKF nokre månader framover. Hagen går inn i ei ny stilling som spesialrådgivar under direktør Emblem. I stillinga skal Hagen mellom anna arbeide med flere sentrale satsingsområde for HVO framover.

Fag og forskning

Høgskulens innspel til Handlingsplan for norsk fagspråk i akademica

Regjeringa har invitert til å kome med innspel til ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademica, og det er særleg spurt om vurderinga av kva som er utfordringane for norsk fagspråk i akademica, og kva som kan vera årsakene til desse? Og vidare: Kva tiltak kan vera aktuelle for å styrkja norsk fagspråk? HVO sitt høyringssvar er i all hovudsak skrivne av professor Stig Helset, AHL, og baserer seg i stor grad på prinsippa i høgskulens språkpolitiske handlingsplan. Aktuelle tiltak for å styrke norsk som fagspråk kan vere å gjeve auka støtte til utgjevingar på norsk, å auke premieringa av norskspråklege publikasjonar i "tellekantsystemet" og å premiere formidling på norsk. Høyringsfristen er 27. april, og innspela vert lagt ut på nettsida til høyringa etterkvart som dei kjem inn. [Les Høgskulen i Voldas og alle andre innspel på nettsida til høyringa.](#)

Forskingdagane 2023, og temaet er: Energi

På Høgskulen i Volda blir [Forskingdagane 2023](#) arrangert i veke 38 og 39. Det nasjonale temaet for forskingsdagane er energi. [Forskringsrådgivar Ida Haug Theodorsen](#) er hovudansvarleg for forskingsdagane på Høgskulen i Volda og inviterer tilsette og studentar til å kome med framlegg til aktivitetar og arrangement. Og forskingsdagane startar som vanleg med utdeling av [FoU-prisen](#), og det skjer fredag 22. september.

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

Biblioteket: Boklansering torsdag 27. april kl. 12.00: Arnljot Løseth: Den industrielle revolusjonen

[Arnljot Løseth](#), professor emeritus i historie ved Høgskulen i Volda, har skrivt boka "Den industrielle revolusjonen: Storbritannia i eit europeisk og globalt perspektiv, 1600-1914", som nyleg kom ut på Fagbokforlaget. Boka blir no lansert på HVO-biblioteket torsdag 27. april kl 12.00. [Les meir om arrangementet og boka.](#)

Læringsverkstaden: Nettseminar om kunstig intelligens 28. april

[Læringsverkstaden](#) arrangerer fredag 28. april til nytt nettseminar om kunstig intelligens og ChatGPT. Tre fagtilsette vil fortelje praksishistorier om bruk av kunstig intelligens i undervisning og forskning. Vi vil også sjå litt på korleis ein kan utforme oppgåver i arbeidskrav og eksamenar på ein måte som minimerer utfordringar ved til dømes ChatGPT. Innleiarar på webinarret er høgskulelektor Joakim Olsson, førsteamanuensis Kjetil Vaage Øie, førstelektor Nils Magne Magerøy og leiar på Læringsverkstaden Sindre Sandbakk. Meir informasjon om seminaret kom i nyhendebrev nr 4/2023 frå Læringsverkstaden som vart sendt til alle tilsette på HVO 18. april. [Her er lenke til påmelding til seminaret.](#)

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 15. mai

Fram til 15. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2023. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingsdagane 22. september 2023. Her er [informasjon om prisen, retningsliner for tildeling og tidlegare prisvinnarar](#). Dei som ønsker å nominere nokon klikkar på lenke til nettskjema som vart sendt ut i e-post frå rektor 22. mars.

Utlysing av professor/dosentstipend - søknadsfrist 20. juni 2023

Forskningsadministrasjonen har lyst ut professor-/dosentstipend med søknadsfrist 20. juni 2023. Stipendmottakarane blir valde ut på første møte i forskingsutvalet hausten 2023 etter innstilling frå ein kommisjon peika ut av rektor. Dei som søker om stipend må ta til med arbeidet 1. januar 2024. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhendebeveg frå Læringsverkstaden.](#)

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Voldarektor blei ikkje Molderektor

Resultatet av rektorvalet ved Høgskolen i Molde vart at Elin Mordal fekk 54,5% og Johann Roppen 45,5% av røystene, og Elin Mordal er dermed vald. [Les meir på nettsidene til Høgskolen i Molde.](#)

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebeveg, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

Professor Nedregotten Sørbø laga "BOBcast" om "Stormfulle høgder"

[Professor Marie Nedregotten Sørbø](#), AHL, blei invitert til Bergen Offentlege Bibliotek i mars for å lage podcast (eller 'BOBcast') om Emily Brontë og romanen *Stormfulle Høgder*. Programmet inngår i biblioteket sin serie 'Månedens Klassiker', og er ein om lag times lang samtale om Brontë-søstrene, tida og korleis vi les den berømte romanen i dag. Ein kan høyre podcasten her:

<https://on.soundcloud.com/UgVoCJgRV6hJeSBm9>

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre](#).

[Direktør for Studentsamskipnaden i Volda \(SiVolda\)](#) - søknadsfrist 2.5.2023

[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO](#).

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

27.4.2023: [Boklansering: Arnliot Løseth: Den industrielle revolusjonen](#), Biblioteket

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)

5.5.2023: Disputas Eivor Finset Spilling, Universitetet i Stavanger

17.5.2023: [Symfoniorkesteret, Nasjonal festkonsert](#), Volda kyrkje

25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
8.5.2023: "[Søringen og samene](#)", (POE-arrangement), Rokken
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen
23.6.2023: Felles sommaravslutning for alle tilsette, BK Kantina

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
[Animation Volda](#)
26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret
8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)
30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

17.4.2023: [Søker om midlar til lærar-master i Kristiansund](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)
[ØrstaVolda.no](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)
[Tiktok](#)
[Facebook](#)
[Instagram](#)
[Youtube](#)
[Finn-ein-forskar](#)
[HVO-blogger](#)
[Nynorsksenterets blogg](#)
[Fjordkonferansen](#)
[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)
[Offentleg journal \(postliste\)](#)
[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)
[Studentradioen](#)
[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)
[Radio Volda](#)
[Nærsynet](#)
[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)
E-post: postmottak@hivolda.no
[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)
[Meld deg av e-postlista](#)